



Navar Takst og Eiendom AS
Bustølvegen 40
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/2154 - 22/43932

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
08.06.2022

Mellombels bruksløyve for heile tiltaket - gbnr 137/541 Alver

Administrativt vedtak: Saknr: 647/22
Tiltakshavar: Stiftelsen Alversund Kyrkjelydshus
Ansvarleg søkjar: Navar Takst og Eiendom AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert søknad om ferdigattest for kyrkjelydshus på gbnr 137/541 avvist. Grunngevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve mellombels bruksløyve for kyrkjelydshuset på gbnr 137/541. Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.

Ansvarleg søkjar Navar Takst og Eiendom AS har søkt om ferdigattest for kyrkjelydshuset i Alversund på gbnr 137/541. Bygget vart godkjend oppført i vedtak datert 23.02.1996, og det vart gitt mellombels bruksløyve for del av 1. etasje i vedtak datert 22.09.2000.

Navar Takst og eigedom AS har utarbeidd tilstandsrapport som konkluderer med at det ikkje er avdekkja feil og manglar som er til hinder for at det vert gitt ferdigattest/mellombels bruksløyve. Det er elles sendt inn oppdaterte samsvarserklæringar og gjennomføringsplan, samt oppdaterte planteikningar av loft og garasje/lagerrom datert 28.02.2022.

Det vert vist til søknad journalført mottatt 07.03.2022.

VURDERING

Det går fram av plan- og bygningslova § 21-10, jf. SAK 10 § 8.1, at det ikkje skal gjevast ferdigattest for tiltak som det er søkt om før 1. januar 1998. Kyrkjelydshuset er godkjend oppført i vedtak datert 23.02.1996 og søknad om ferdigattest vert derfor avvist.

For å ta i bruk eit bygg er det eit lovkrav at det skal liggja føre mellombels bruksløyve. Det er berre gitt mellombels bruksløyve for del av kyrkjelydshuset, og det er nødvendig r nødvendig å avslutta resterande del av tiltaket med mellombels bruksløyve.

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket.

Skildring

Adresse:	Kyrkjevegen 1
Bygningstiltak:	Kyrkjelydshus
Bygningsnummer:	19228568
Bruksareal:	661 m ²
Avløp:	Kommunalt
Vatn:	Kommunalt

Regelverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/2154

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Stiftelsen Alversund Kyrkjelydshus Kyrkjevegen 45 5911 ALVERSUND

Mottakarar:

Navar Takst og Eiendom AS Bustølvegen 40 5919 FREKHAUG